

# Appellerte for landbruket



*Vi må reindyrke det «mangesysleriet» vi har på bygdene i dag, meiner Volda-ordførar Jørgen Amdam, og stilte seg med det på side med bøndene, som vil løfte inntektsveksten også for dei små og mellomstore bruka gjennom det komande jordbruksoppgjeret. Foto: Jan Åge Sundnes*

Ei rekkje politikarar og bondelagsleiarar heldt appellar i Volda på familiejordra til sjølvaste landbruksministeren måndag. Samtidig fekk landbruksministeren overlevert kravdokumentet frå bøndene i Oslo i samband med årets jordbruksoppgjer.

Appellane for bøndene kom på rekkje og rad i Volda måndag når jordbruksoppgjeret no er på dagsorden. Mikrofonen var plassert framfor tre traktorar med plakatar, informasjon og banner med påskrifta «JA til norsk matproduksjon».

## **Vil lyfte dei små og mellomstore**

Før forhandlingane med staten krev Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag 860 millionar kroner i rammevilkår. Det er ned 90 millionar frå fjoråret. Årsaka er lågare løns- og kostnadsvekst i samfunnet generelt.

Kravet om ein inntektsverknad på 20.800 kroner per årsverk skal særleg vere med og lyfte dei små og mellomstore gardsbruka. Ettersom ein no kan sjå resultatet av «sentraliseringa» i landbruket, er det dei største produsentane som dei siste åra har stukke av med den sterke inntektsauken som landbruket opplever.

Men altså aukar inntektsskilnaden mellom dei større og mindre gardsbruka. Det vil bøndene tette. På ein av jordfleckane til Hans og Kirsten Halkjelsvik, onkel og tante til landbruks- og matminister Jon Georg Dale, var det brei støtte å få frå blant anna politikarhald.

## **Mangesysleriet**

Volda kommune er kanskje ikkje kjend som ei høgborg i landbruket. Men kva hadde skjedd med både bygdene og Volda sentrum om gardsbruka rundt om i kommunen vart lagde ned? Grunnlaget for busetnad var stikkorda frå ordførar Jørgen Amdam, som heldt dei fyrste appellorda for bøndene og dei små og mellomstore gardsbruka.

Frå Romsdalsfjorden til Agder har hushalda skaffa seg inntekt gjennom jordbruket, men alltid kombinert ho med inntekt frå andre næringar. Tenk om berre to bruk skulle stå att i Austefjorden eller på Folkestad. Alt av sørvis ville ha falle saman. Vi må reindyrke det «mangesysleriet» vi framleis har i dag. Vil mesteparten av landbruket verte lagt ned på

bygdene, vil vi dessutan få store skadar i sentrum. Vi ville rett og slett ikkje greie å rekruttere. Det er ikkje den arbeidskrafta vi treng i sentrum.

### **Blåblå-politikken fungerer**

Mjølkeprodusent Knut Hustad i Bondalen peika på at den blåblå politikken har fungert. Både i 2014 og 2015 var talet på gardsbruk i Ørsta 177. Altså har nedgangen stoppa. Samtidig gjekk tilskotet til landbruksnæringa i Ørsta ned med cirka 3,5 millionar kroner, til 40,5 millionar, frå 2014 til 2015. I Volda gjekk denne støtta ned med 1,7 millionar frå 2014 til 2015, til 19,7 millionar. På same tid er det eitt færre gardsbruk i Volda. Altså er det så å seie like mange bønder, men inntektsstøtta er lågare. Inntektsveksten som likevel har vore siste åra, i snitt 46.000 per bruk, er det altså dei store som sit att med.

Vi som driv mindre bruk får smular, medan dei store får heile kaka. Det viser at den blåblå politikken verkar, påpeika Hustad.

### **Kan snart ikkje verte større**

Nyvalt leiar i Møre og Romsdal Bondelag, Oddvar Mikkelsen, hadde kome den lange vegen frå Surnadal. Familien hans driv til saman 18 bruk, med to aktive og tre passive partar og med fem kvotar. Slik er det fleire stader, peika han på, anten gjennom samdrift eller enkelbruk.

Han meinte at det går ei grense for kor mykje stordriftsfordelar det går an for bonden i Møre og Romsdal å vinne. Til det vert avstandane for store.

Her har vi snart rasjonalisert så mykje som det går an. Viss landbruksministeren og andre trur at færre bønder kan produsere meir mat med mindre jord, så rekk vi ikkje til. Det går ikkje an. Vi må halde arealet i hevd og ha nok hender. Viss ikkje når vi ikkje produksjonsmåla til Stortinget.

Det kravet som vert lagt fram i dag er basert på utviklinga vi har sett siste åra, spesielt dei to siste. Dei store har fått vesentleg meir enn dei små bruka. Det er ikkje lett å drive stort, men no er det på tide å dra dei små oppover. Og ut frå kravdokumentet, ser det ut til å vere løyst på ein god måte, med betydeleg større inntektsauke på småbruka no, utan å drage det så mykje ned att frå dei store. Eg håpar vi lukkast med strategien, sa bondelagsleiaren.

### **Rekrutteringa**

Landbruket har ei uvurderleg betydning for regionen, slo Ørsta-ordførar og bonde Stein Aam fast. Sjølv hadde han vore i fjøsen og mjølka klokka 06.

I tillegg til å halde ved like kulturlandskapet samt å sikre inntektsauke for dei mindre bruka, var Aam like oppteken av at ungdomen som kjem etter skal få investeringsvilkår som ikkje gjer at dei nærast må bukke under for å overleve.

Det er heilt naudsynt at dei unge i landbruket ikkje vert aldeles tynga ned av gjeld så dei nesten ikkje greier å takle presset. Det er viktig framover. Får dei ikkje rammevilkår, vil ikkje neste generasjon satse på landbruket, var SP-ordføraren klar på.

### **Haldningar**

Også varaordførar i Volda, Fride Sortehaug, og SV-politikar på fylkesnivå, Ingrid Opedal, heldt appellar for landbruket. Opedal sa at matproduksjon og matberedskap er det viktigaste for henne når det kjem til å bevare landbruket.

Sortehaug er butikkdirivar ved sida av å vere varaordførar. Ho er dermed med på å selje maten bøndene leverer. Maten kunne vore dyrare, "bedyra" ho, og butikkane snakkar gjerne varmt om lokal mat, men kundane vil likevel ha den importert varen fordi han er billegast. Det må ei mentalitetsendring til, meinte ho.

Dei frammøtte til markeringa gjekk etter oppropet opp bakken til Volda Turisthotell, der det vart overført direkte frå pressekonferansen i Oslo der kravdokumentet vart levert til dei styrande.